

# Sandnes sygard

Av Knut Raastad, 2017



Sygard Sandnes gnr. 88 bnr. 1 ligg i nedre Nordherad. Sandnes er nemnd frå 1386 som i Sandnesse, Sandnæs 1432, Sannes 1488, Sanneß 1574-1577, Sandnes 1578, 1594, 1604. I 1386 er nemnd nørðre Sandnes så da er Sandnes delt.

Sygard Sandnes er i jordebok 1577 og seinare og i bygningskatten 1604 nemnd som fullgard.

Koppskatten 1645 viser Thrund Sandnæs og hans hustru. Matrikkel 1647 nemner sygard Sandnes og Thrund Sandnes som brukar av 3 huder som han eig sjølv. I 1687 var det skifte etter Thron Endresen som var død, han var gift med Rønne Sevaldsdtr. død (ho var før gift med Oluf Johannesen), barna var

Sevald Trondsen, gift med Sigtru Andersdtr.

Oluf Trondesen

Amund Trondsen, hadde dottera Rønnaug Amundsdtr.

Thone Thronsdtr.

Bergete Svee, frå fyrste ekteskap?

Manntalet 1666 viser Sandnes som fullgard med skyld 4 huder. Oppsitjar var Sevald Tronsøn f.ca. 1615. Jordebok 1661 nemner Sevald Sandnes som eigar av 2 huder 3 skinn, Hans Svee ½ hud, Knut Hielle, Dovre 3 skinn og Vågå prestbol 1 hud, medan matrikkelen 1668 viser det same med unntak av at Hans Sve har 1 ½ skinn meir og Sevald Sandnes 1 ½ skinn mindre.

Sandnes har i matrikkelen 1668 seter i Stuttgongen og på Nistingen.

I 1695 var det skifte etter Sevald Trondsen, og Rønnøg Amundsdotter som må vera bror dottera overtok 2 huder i Sandnes. Rønnaug var gift med Gunder Nilssen oppigard Berge f.1661, d. før 1726, ved skifte i 1726 hadde dei 3 huder. Skoskatten 1711 nemner Gunder Sandnes og 2 barn. Rønnaug og Gunder hadde 2 barn:

Ingri 1694-1777, g,m Tor Olsen Glimsdal, seinare m. Rasmus Jonsen Einarsvoll 1700-1777

Anne, død før 1740, g.m. Trond Justsen

Anders Munch bygslar 1 hud i Sandnes som prestebolet eig til Trond Sandnes i 1736. Og i 1738 skjøter Rasmus Jonsen Enersvold/Glimsdal 3 huder i Sandnes til svogeren Trond Justsen Sandnes for 599 rd. Anne og Trond hadde 7 barn:

Rønnaug f. ca. 1720 d. 1771, gift 1744 med Mogens Mogens Kvåle i Bøverdalen f.

ca. 1712 d. 1755, gift 2. gong med Syver Jonsen Galde 1733-1801

Just f. ca. 1725 død 1790

Goro f. ca. 1727

Sevald f. ca. 1730

Gunnar f. ca. 1733

Torstein f. ca. 1735

Gunnild f. ca. 1738

Rasmus Glimsdal og Trond Justsen Sandnes sel og skjøter Sandnes til Gunnar Trondsen Valbjør i 1744. Samtidig bygslar han 1 hud frå presten Herman Treschow. I alle fall til 1753 er Gunnar på Sandnes, i 1756 overtek han Gaukstad i Lom. Gunnar Trondsen 1709-1758 var son til Trond Jakobsen Valbjør 1641-1722 og Barbro Larsdtr. Gaukstad 1669-1744. Gunnar vart 1743 gift med Ragnhild Andersdotter Viste f. ca.1716, dei hadde 6 barn:

Embjørg Gundersdtr. 1744-1829

Anders Gundesen 1746-1817, g. 1812 med Rønnaug Andersdtr. Øverli

Trond Gundersen 1748-1823, gift 1788 med Rannei Pedersdtr. Vamsæter

Barbro Gundersdtr. 1751-1842, gift 1796 med Jakob Trondsen Grotheimskolden

Jakob Gundersen 1753-1825, gift 1806 med Brit Torkjellsdtr. Grafferskolden

Rønnaug Gundersdtr. 1756-1822, gift 1790 med Ole Erlandsen Øverli

For tredje gong sel Rasmus Glimsdal garden Sandnes. Skjøte i 1756 på 3 huder er til Østen Syversen for 1600 rd. Presten Johan Storm bygslar samtidig bort ei hud som prestbolet eig. Østen var gift med Marit Olsdotter f. 1715 død etter 1801, dei hadde 3 barn:

Syver Østensen, neste brukar

Anne Østensdtr., gift med Peder Jonsen nordgard Sandnes

Ole Østensen, Skjedsvold

Østen Syversen sel og skjøter Sandnes til eldste sonen Syver Østensen for 800 rd. og føderåd i 1761. I 1763 bygslar Johan Storm 1 hud til Syver for hans og hustrus levetid. Syver var gift med Kari Olsdotter død 1804, dei hadde 7 barn:

Østen Syversen, 1764-1811, vanvittig

Rønnaug Syversdtr. f. 1767, gift med Jon Pedersen nordgard Sandnes

Ole Syversen, f. 1768, "Stor-Sannes'n", kjend for at han kraup inn i bjørnhiet på jakt i Sikkilsdalshøa, døydde i Stuttgongen

Marit Syversdtr. f. 1771

Marit Syversdtr. f. 1774, vanvittig

Anne Syversdtr. f. ca.1779

Johannes Syversen 1781-1873, neste brukar

Syver Østensen sel og skjøter Sandnes til sonen Johannes Syversen for 1000 rd. i 1807. Og i 1810 er det føderådskontrakt mellom Johannes Syversen og faren Syver samt hans "dels vanvittige og dels krøble søsken" så lenge dei lever. Johanes Syversen vart gift med Gunhild Ivarsdotter nordgard Viste 1780-1877, dotter til Ivar Hansen Viste 1757-1805 og Ingrid Johannesdtr. Mo 1747-1818. Gunhild var fyrst gift med Øystein Ivarsen sygard Valde 1785-1809. Johannes og Gunhild hadde barna

Kari Johannesdtr. f. 1813

Ingri Johannesdtr. f. 1815, g.m. Hans Hansen u. Wisdahl f.1816. Til Ålesund 1869.

Syver Johannessen 1818-1901

Ivar Johannessen 1821-1885, neste brukar

Åse Johannesdtr. 1824-1896, hadde med Pål Pålsen Sve 1824-1885 dottera Anne 1852-1928, sjå nordgard Sandnes

I 1850 var det skjøte frå Johannes Syversen til sonen Ivar Johannessen, og føderådsbrev til foreldra og broren Syver. Så i 1851 var det kongeleg skjøte til Ivar Johannessen på den delen som høyrde prestbolet til for 400 spd.

Ivar Johannessen vart 1865 gift med Kari Pålsdotter nordgard Storvik 1840-1920 dotter til Pål Olsen Øy 1799-1842 og Anne Christensdtr. Ellingsbø 1801-1866. Ivar og Kari hadde 6 barn:

Anton 1869-1949, gift med Ella Wolff 1875-1934  
Gunhild 1872-1873  
Iver 1874-1953, gift med Gudrun Andersen 1902-1995  
Gunhild 1876-1950, gift med Guttorm Gjesling Sandbo 1876-1952  
Anne f. 1879, til USA  
Paul f. 1882, til USA

I 1865 var Ivar Johannessen gardbrukar på sygard Sandnes, men han overtok same året nordgard Storvik og var også brukar der. Ivar Sandnes var ordførar i Vågå 1882-1883. Ein gong mellom 1865 og 1875 bytte Ivar gard med Tor Blakar på nordgard Sandnes. Skjøte vart ikkje tinglese før i 1886, enkja Kari Pålsson Storvik skjøter sygard Sandnes til Thor Blakar for 14000 kroner.

Thor Blakar 1822-1914 var son til Sevald Rolvsen Blakar 1793-1832 og Barbro Torsdr. n. Kleppe 1784-1859. Thor var gift med Barbro Johannesdotter Einarsvold 1829-1899. Dei hadde 4 barn:

Barbro Torsdr. 1857-1933  
Rønnaug Torsdr. 1861-1929, gift med Jo Olsen Nordahl (Aabakken) 1861-1948  
Sevald Torsen 1865-1958, neste brukar  
Rønnaug Torsdr. 1867-1944

Sevald Torsen overtok etter faren med skjøte i 1908 for kr 1700,- samt lausøyre kr 1500,- og føderåd verdi kr 1500,-. Sevald var gift med Barbro Nilsdotter sygard Valde 1877-1968, dotter til Nils Andersen n. Strand 1836-1913 og Eldri Ivarsdr. Valde 1841-1911. Sevald og Barbro hadde 2 barn:

Tor Sevaldsen 1904-1991, neste brukar  
Eldri Sevaldsdr. 1908-1985, gift med Asmund Skaftnesmo 1903-1969

Tor overtok 1930 med skjøte for kr 18000,-. Han var gift med Ragna Hansdotter Siem f.1910. I 1934 fekk Eldrid Sandnes skjøte for kr 25510,- frå Thor Sandnes konkursbu. I 1937 var det skjøte frå Eldri Sandnes til Ragna Sandnes for kr 16385,-.

Tor og Ragna selde Sandnes til Rolv Kristensen Aanstad f.1942, son til Kristen Olsen Aanstad 1902-1957 og Livø Rolvsdr. Blakar f.1910. Rolv vart 1965 gift med Tora Inga Hånsnartredet 1945-90 dotter til Rolv Hånsnartredet og Ida Hole. Dei hadde 3 barn:

Laila Irene f. 1966  
Kristen Rune f. 1968, neste brukar  
Randi Tove f. 1972, g.m. Audun Bråten, på øvre Sandbugarden

Kristen Aanstad overtok garden i 2006.

Sygard Sandnes hadde seter i Stuttgongen. Denne vart seld til Sve, og det vart bygd ny seter ved Kalven. I 1666 var det seter på Nistingen i tillegg til Stuttgongen.

I 1668 vart det på sygard Sandnes fødd 24 fe, det var 4 hestar og det vart sådd 9 1/2 tønner.

I 1865 var det på sygard Sandnes 3 hestar, 20 kyr, 40 sauer, 15 geit og 3 grisar. Det vart sådd 1 tønne rug, 8 tønner bygg, 1 3/4 tønner blandingskorn, 1/4 tønne erter og 5 tønner poteter.

Kjelder:

Ivar Kleiven 1907: I gamle Daagaa, s. 174

P.Ø.Kvarberg 2000: Sleakter i Vågå og Lom, s. 8, 217  
Norsk Gardsbruk 1953 – 1997  
Folketelleing 1801, 1865, 1875 og 1900  
Utskrifter tingbøker  
Utskrifter skifteprotokollar  
Panteregister, grunnbok  
Utskrifter kyrkjebok for Vågå  
Koppskatten 1645, skattematrikkel 1647, manntal 1666, matrikkel 1668, skoskatten 1711  
O. Rygh: Norske Gaardnavne / Diplomatarium Norvegicum.  
Jakup Skjedsvoll: avskrifter jordebøker m.m.